



Neste år er Stord 1 100 år og Harald Sætre frå Uskedalen er naturleg nok sentral i eit bokprosjekt som er på gang i samband med jubileet. Under museumsdagen på Rød i helga etterlyste han fleire fotografi og no får han respons frå mellom andre Jan Erik Olsson i Uskedalen som har bilete av den spesielle hendinga ved Sandakaaien søndag 10 mai 1987.

Under ei signingsferd etter restaureringa vart den fine båten ståande fast i sandfjøra og måtte trekkjast laus av HSDs Tjelden som gjekk i Herøysundruta og låg i nærleiken. Olsson har ein serie bilete frå den operasjonen. Det måtte mellom anna ein stor pumpeoperasjon til. Dette var berre 10 dagar før båten brann i Langenuen.